



I kveld klokka 19 vert det halde eit viktig møte i Gamleskulen om framtida for dei sentrale delane av Uskedalen. Det gjeld å finna fram til ein arealstrategi for tettstaden - men kva er tettstaden? Det vert lagt fram eit forslag til geografisk avgrensing som møtet skal ta standpunkt til (over)

Det heiter i innkallinga til møtet, som Uskedal Utvikling held, at det skal etablerast eit arealplangrunnlag for tettstaden til seinare bruk i ein områderegeringsplan eller arealdelen til kommuneplanen.

Plangrunnlaget skal speile arealbruksbehova i dag og på lang sikt. Det skal vektast både mot lokale ønskje og behov og nasjonale målsettingar.

Kommunedelplanen som omfattar dette området er 10 år gamal og femner ikkje lenger dagens og framtidens behov. Reguleringsplanen for sentrum er ikkje heilt i tråd med den faktiske bruken og opnar i liten grad for utvikling.

Første steget i det som skal skje no er å laga ein prosjektplan med konkrete mål og rammer for arbeidet. Denne planen skal også nyttast som grunnlag for å innhenta tilbod på oppdraget gjennom kommunen sin rammeavtale for planoppdrag med Multiconsult AS.

Næringsrådsgjevar Karin Thauland skal vera prosjektleiari og formannskapet styringsgruppe medan styret i UU er referansegruppe. Korleis den skal

setjast saman er også ein programpost under møtet i kveld

Det er i investeringsbudsjettet sett av 250 000 kroner til føremålet. Eit komplett planoppdrag vil truleg kosta ein million og det vert starta eit førebuande arbeid med dei midlar ein har.

Då kan resultatane nyttast ved den rulling av kommuneplanen som startar neste år hvis ein ikkje får dekkja kostnadane for ein områderegeringsplan.

Av Ola Matti Mathisen